



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

O.A. Devolds Sønner AS
Geileneset
6030 LANGEVÅG

Vår dato: 06.03.2020
Vår ref.: 201701267-18
Arkiv: 312 / 101
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Ellen Lian Halten
22959918/elha@nve.no

O. A. Devolds Sønner AS – Søknad om løyve til nedlegging av dam Sætrevatn i Sula kommune i Møre og Romsdal - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 3.7.2017.

Vedlagt finn de NVE sitt løyve til nedlegging av dam Sætrevatn med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

I dokumentet «Løyve til nedlegging av dam Sætrevatn» er det gjort greie for bakgrunnen til løyvet. Vi syner til vilkåra i dette dokumentet for krav til gjennomføring av tiltaket.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld nedlegging av dam Sætrevatn og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Detaljplan for miljø og landskap skal leggst fram for NVE sitt miljøtilsyn. Vi syner elles til NVE rettleiarane 4/2018 og 3/2013: «Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga» og «Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon» som finnast på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi understrekar at det ikkje må settast i gang noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sørge for at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Ellen Lian Halten
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Løyve til nedlegging av dam Sætrevatn

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
O.A. Devolds Sønner AS v/Torill Rødseth Haram
Sula kommune
TAFJORD KRAFTPRODUKSJON AS v/Frode Oksnes
TAFJORD KRAFTPRODUKSJON AS v/Ragnhild Hoel